



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	08.05.2025
Møtetid:	10:30 -15:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Bjarte Andvik	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Bjarte Andvik	H
Marit Bjånes Bjørneklett	Mariann Fløtre Andvik	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 28/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 29/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 10.04.25	
PS 30/2025	Årsmelding 2024 - Masfjorden kommune	
PS 31/2025	Årsrekneskap 2024 Masfjorden kommune	
PS 32/2025	Saldering budsjett 2025	
PS 33/2025	Vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd med retningsliner 2025	
PS 34/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 9/2025	Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll fra representantskapsmøte 24. april 2025	
RS 10/2025	Uttale til årsrekneskapen og årsmelding 2024 frå kontrollutvalet	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 28/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 28/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 29/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 10.04.25

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 29/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 10.04.25:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 10.04.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 30/2025 Årsmelding 2024 -
Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 30/2025 Årsmelding 2024 -
Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2024 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 31/2025 Årsrekneskap 2024
Masfjorden kommune

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 31/2025 Årsrekneskap 2024
Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Årsrekneskapen 2024 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 32/2025 Saldering budsjett 2025

Økonomileiar Svein Viktor Ell ingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggsvedtak:

- Kommunestyre er svært glade for den jobben Bjørn West museet yter i formidlinga av vår nære krigshistorie og fridomskampen i Matrefjella, og løyver kr. 90.000,- til museet for inneverande år. Løyvingane vert finansiert med midlar frå disposisjonsfondet. For ettertida blir nødvendig vedlikehald meld inn til rådmann som innarbeider dette i bevilling drift. Større utbetringar må innarbeidast i høve prioriteringar i investeringsbudsjettet.

Røysting: Framlegg til vedtak frå Ap fall med 12 røyster (H, Sp og FrP)

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande verbalpunkt til budsjettsaka:

- Kommunestyret ber rådmannen sette med ei prosjektgruppe for omsorgsbustader + og at ein kjem attende til dette i samband med budsjett for 2026.

Røysting: Framlegg til verbalpunkt til budsjettsaka frå Ap vart vedteke med 13 røyster (H, Ap, V og Ørjan Daae (FrP))

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande verbalpunkt til budsjettsaka:

- Kommunestyret ber rådmannen komme attende med ei sak om tiltak, der det vert greia ut om tilsett miljøarbeidar, kan bidra til å motverke dette. Tiltak med eit 3-årig prøveprosjekt skal så jobbast inn i budsjett for 2026 – 28. «Ein Miljøarbeidar jobbar for at alle elever skal trivast og ha ein god skulekvardag. Dei er synlege i skulemiljøet og er lett tilgjengelege for alle på skulen. Miljøarbeidarane jobbar for at elevane skal få ei positive endring og utvikling gjennom arbeid med tilrettelegging av det psykososiale miljøet.»

Røysting: Framlegg til verbalpunkt til budsjettsaka frå Ap fall med 12 røyster (H, Sp og FrP)

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande verbalpunkt til budsjettsaka:

- Kommunestyret ber om at rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som jobbar fram ei utgreiing om samanslåing av 2 eller 3 av dei samla ungdomsskuletrinna i kommunen. Korleis dette kan gjerast og eventuelle konsekvensar det gir må kome fram. Ved behov for ekstern rådgjeving må dette jobbast inn i budsjett for 2026.

Røysting: Framlegg til verbalpunkt til budsjettsaka frå Ap fall med 12 røyster (H, Sp og FrP)

Gunnar Andvik (H) sett fram følgjande verbalpunkt til budsjettsaka:

- Masfjorden kommune styrker grenda- og samfunnshusa sitt driftsgrunnlag ved å gje kvart av husa kompensasjon for manglande leigeinntekter. Lag og organisasjonar vert oppmoda om å nytta forsamlingshusa til sine arrangement, men utan at forsamlingshuset krev husleige. Kr 90 000 vert sett av på kulturbudsjettet. Tilskotet skal gjelda Nordbygda samfunnshus, Solheim grendahus og Fjon grendahus. Rådmannen får i oppgåve å organisera, setja i verk og følgja opp tiltaket.

Røysting: Framlegg til verbalpunkt til budsjettsaka frå H vart samrøystes vedteke.

Det vart tilslutt røysta over tilrådinga frå formannskapet. Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 32/2025 Saldering budsjett 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2025 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift med følgjande endring:

- Ta inn i budsjettposten T3850 90.000 til kulturbygga/dei 3 samfunnshusa og 60.000 til lag og organisasjonar.
Dei 2 siste postane på til saman 150.000 dekkast inn gjennom frie inntekter/rammetilskot

Investeringsbudsjett 2025 vert justert i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 33/2025 Vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd med retningsliner 2025

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) sette fram følgjande tverrpolitisk fellesframlegg:

- Me ynskjer å sende saka tilbake til ungdomsrådet for gjennomgang. Ein legg ved det justerte forslaget i tilbakesendingen. Saka kjem opp igjen i kommunestyret i juni.

Framlegg til tverrpolitisk fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 33/2025 Vedtekter for Masfjorden Ungdomsråd med retningsliner 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Me ynskjer å sende saka tilbake til ungdomsrådet for gjennomgang. Ein legg ved det justerte forslaget i tilbakesendingen. Saka kjem opp igjen i kommunestyret i juni.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 34/2025 Referat- og orienteringssaker

Grunngjevne spørsmål:

Torill Torsvik Størkersen (Ap) stilte følgjande spørsmål:

- **Justering av fartsgrense forbi nye bustadfelt**

Me har fått flott nye bustadfelt både på Mjanger og i Ytre Haugsdal, og me håper verkeleg at tomtar blir seld, hus bygd og familiar flytta inn. Men det manglar ei vurdering av trafikktryggleiken ved av og på-køyringane til desse felta. For begge bustadfelta så sluttar 60 sona rett før ein passerar det, og det er derfor 80 km/t forbi bustadfeltet. Dette er ikkje ideelt når ein skal prøve å få barnefamiliar til å etablere seg. 60-sona på Mjanger bør verte forlenga med 2 - 300 m. og 100 m. i Ytre Haugsdal, som eit minimum. Dette er noko som må inn i trafikksikringsplanen når den skal rullerast. Men før den tid, kan ordførar/ rådmann fylje ta opp dette i dialog med Statens Vegvesen, og få saka tilbake til handsaming/ høyringsuttale i kommunestyret i juni?

- Svar frå ordførar:

Kommunestyret vedtok i 2022 i sak 010/ 22 kommunedelplanen for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032. På bakgrunn av denne planen vart det sendt inn brev frå kommunen dagsett 07.07.2022 til Vestland fylkeskommune, med oppmoding om å endra fartsgrensene ved 5 lokasjonar langs fylkesvegane. Seinare same året vart det og sendt eit brev med ønskje om nedsett fart ved Furebotn og ved Mjanger. På fleire stadar har det medført reduserte fartsgrenser i Masfjorden. To av sakene er enno ikkje ferdig handsama, det er søknaden som gjeld strekninga Søre Kvingo til Norkvingo og strekninga mellom Sandnes skule og ferjekaiaen.

Det er Vestland fylkeskommune som først handsamar og vurderer søknader om nedsett fartsgrense, og når det er gjort går deira innstilling vidare til Statens Vegvesen, som er skiltmynde på denne typen saker. I samband med denne typen enkeltsaker er det difor Vestland fylkeskommune som kommunen først må gå i dialog med, og om ein får ei felles forståing at ein søknad kan få eit positivt utfall, vil rett framgangsmåte vera å senda eit brev i etterkant til fylkeskommunen, der kommunen ber om at nedsett fartsgrense vert vurdert. I mange samanhenger vil det vera gunstig at eit ønskje om fartsreduksjon først kjem inn i kommunedelplanen for trafikksikring, då vil søknaden ha større legitimitet.

- **60-sone og arbeid med tursti/ gang og sykkelveg mellom Stokkevikfeltet i Ytre Haugsdal og Hovden i Gulen.**

Mellom bustadfelta i Ytre Haugsdal og Hovden i Gulen er det stor trafikk av mjuke trafikkantar. Steinsfjellet, som ligg midt imellom bustadfelta er eit populært turmål, i tillegg er det kort veg mellom bustadfelta og ein naturleg gang- og sykkelavstand. På kommunen sin arealdel er det teikna inn tursti på Masfjordsida, samt kurvaturendringar i Ildalen. Gulen har også tidlegare jobba med gang- og sykkelveg i området. Felles kommunestyremøte med Gulen i juni kan gjerne vere eit aktuelt fora å ta denne saka opp i, og spelast inn i samband med RTP. Uansett, saka bør på sikt greiast ut og løftast opp som eit større trafiksikringsprosjekt på fylkesnivå. Kan ordførar/ rådmann sette denne saka på sakskartet både politisk og administrativt, når ein no er i gong med kommuneplanarbeidet og rullering av fylkeskommunale planar?

- Svar frå ordførar:

Saka om planstrategi vart godkjent i kommunestyret 20.juni 2024

Der står det på side 11:

Reguleringsplan for fylkesveg 570 Ildalen.	Som eit samarbeidsprosjekt med Gulen kommune. Masfjorden kommune kan leia planarbeidet. Oppstart krev at Gulen kommune og fylkeskommunen er med.	Oppstart hausten 2025
--	--	-----------------------

Eg har hatt dialog med Gulen kommune ved ordførar og diskutert vårt ønske om å starte reguleringsprosessen i Ildalen. Masfjorden kommune skreiv også eit høyringssvar når Gulen hadde ute sin planstrategi, der me påpeika nettopp denne strekningen. Masfjorden kommune vil følge opp planstrategien vår og starte arbeidet her jamfør vedtatt planstrategi.

- **Regulering av el-billading for tilsette ved kommunale bygg.**

I dag er det tillat å lade private bilar ved kommunale bygg. Korleis regulerer administrasjonen dette, slik at det er ei rettmessig ordning mellom tilsette , og mellom tilsette og arbeidsgjevar? Då tenkjer me særskilt på kor lenge ein kan lade og i høve skattefordelen ved å lade på arbeidsgjevar si rekning.

- Svar frå ordførar:

Kommunen har innført brikkesystem ved fleire av ladarane. Det gjer at tilsette og gjester først kan lada når dei får låne eller disponere brikker. Dette er tilfelle på kommunehuset. På Matre ved kontorbygget er det heimetenestene som kan lada sine biler, her er det brikker. På skulane, samt Nordbygda barnehage kan alle lade på dagtid. På sjukeheimen er det to brikker som tilsette og gjester kan disponere ved behov, og på MBA er det ladestasjonar som tildette og brukarar kan nytta. På Fensfjordbygget kan heimetenestene lade på sine tilviste parkeringsplassar.

Tilgangen for private bilar, som ikkje høyrer til tilsette er difor svært avgrensa, sidan ladinga må skje i arbeidstida eller ved oppstillingsplassar som er reservert heimetenester. Kommunen registrerer ikkje kven som ladar, men kan ta ut statistikk som viser kor mykje straum dei ulike ladepunkta brukar. Om det er ønskjeleg kan slik statistikk sendast ut til kommunestyret.

- **Orientering frå Statsforvaltaren om nasjonalparkplanane.**

Fleire i inneverande kommunestyre har ikkje tidlegare fått orientering om kva nasjonalparkplanane som statsforvaltaren er satt til å greie ut inneberer, og saksgangen i det. Masfjorden Ap ber derfor om å få ei ny orientering og ei oppdatering om desse planane. Kan ordføraren invitere Stein Byrkjeland eller andre frå Statsforvaltaren til å komme å orientere på nytt?

- Svar frå ordførar:

Har snakka med Stein Byrkjeland som har saka av Statsforvalteren. Han er ikkje tilgjengeleg til mai møtet, men kjem og orienterar til juni møtet, da i forbindelse med at oppstartsmeldinga skal gå ut.

Referatsaker:

- Vest brann- og redningsregion KO - Protokoll fra representantskapsmøte 24.april 2025
- Uttale til årsrekneskapen og årsmelding 2024 frå kontrollutvalet

Orientering frå Ordførar:

- Sigrun Haugsdal Reknes (H), Veronika Hjartholm (H), Tove Kristin Sleire Tistel (V) og Torill Torsvik Størkersen (Ap) fortalte om arrangementet Kvinner og kraft som dei deltok på tidlegare i år
- leiar i ungdomsrådet Ben Georg Kvingedal fortalte om ungdomsrådet sin studietur til Oslo tidlegare i år
- ordførar orienterte kort om førebels agenda for felles kommunestyremøte med Gulen i juni

Orientering frå Rådmannen:

- Teknisk sjef Roald Kvingedal orientert om kommunale vegar, bygg og VA - behov for investering

Orientering frå andre:

- Roy Gunnar Blommendal frå Skyss orienterte om status for bestillartransport-ordninga i Masfjorden

Vedtak frå Kommunestyret - 08.05.2025 av sak 34/2025 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.